

Sameie Tjørnavegen 1-27
Foretaksnr: 9980096650

Til : Opus Bergen AS

Dykkar ref.: P15061

Vår ref.: Innspel utbygger

Dato: 10.03.2017

Vi er i utgangspunktet positive til utbygging og nye naboar i området, men vi har nokre punkt som vi ønskjer utbyggjar/kommunen skal ta omsyn til i utbyggingsprosessen og i tida etter. Dei fleste gjeld trafikksikring, og nedst kjem andre spørsmål til utbyggjar.

Trafikksikring:

- Det er allereie mykje trafikk i området Tjørnavegen/Mjåtveitmarka/Mjåteitstø, både til og frå bustadane i området og til og frå Drømmehagen barnehage. Skal trafikken aukast ytterlegare meier vi det må gjerast noko med innkjøringa frå Rosslandsvegen. Rundkjøring, avkjøringsfelt eller liknande.
- Det er mange barn i området, og i utbyggingsperioden vil det bli mykje anleggstrafikk. Er det mogeleg at den kan gå direkte frå Rosslandsvegen til utbyggingsområdet slik at den ikkje kjem gjennom Tjørnavegen? Evt. Frå Mjåtveitflaten? Viss ikkje: kva tiltak vil utbyggjar setje inn for å sikre trygge uteområde for barna?
- Mange barn må krysse Tjørnavegen ved Tjørnavegen 17 for å kome inn på gangvegen mot Esso-stasjonen. Kva tryggingstiltak vil bli sette inn her, både i anleggsperioden og ved auka trafikk når dei nye bustadane blir tekne i bruk.
- Har utbyggjar ein heilskapleg plan for trygg trafikkavvikling i anleggsperioden og for tida etter?
- Vi ønskjer og å melde ifrå om at rundkjøringa ved Esso-stasjonen er allereie eit vanskeleg og krevjande kryss for barn i skulealder. Med auka busetnad vil det og bli fleire barn som må passere her på skuleveg. Korleis vil utbyggjar/kommune sørge for at dette skjer på ein trygg måte?

Anna:

- Er det lagt inn noko velferdstiltak? Td. Ballbinge, leikeplassar, grøntareal? Då utbygginga i området var i starfasen var det snakk om å lage ein park der Mjåtveittunet no er. Det hadde vore ønskjeleg med noko slikt i området.
- Kva slags bustader ønskjer utbyggjar å bygge, og for kva målgruppe? Vi er nysgjerrige på kor mange einingar det vil bli, og om ein vil satse på barnefamiljar, einslege og par utan born, leilegheiter osb.
- Viss det blir mykje born, lurar vi på kva utbyggjar og kommune tenkjer om barnehage og skule for desse borna. Sagstad skule er allereie pressa.

Vennleg helsing
Sameie Tjørnavegen 1-27